



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 29.10.2020

Tid Torsdag 29.10.20 kl 16.00-19.30
Stad Aasen-auditorium

Til stades med stemmerett:

AHL Irmelin Angell Losvik (H), Matilde Tafjord Rødhammer tom. sak 19 (H),
AKF Pernille Fynbo Gajhede (H)
AMF Nora Skranefjell (H), Sander R. Hauge (H),
ASH Arnaud Duhamel (H), Stian Woo Andersson (V)
FRI Simen Vederhus (H), Jonas Közle (H), Marte Nesfossen (H)
Mariely Gonzalez Borboza fom. sak 20 (V)

Meldt forfall: Heidi Werkland (AKF), Maral Pour Khodabakhs (ASH)

Til stades utan stemmerett

AU Trym Nikolas Rimmen, Paloma Lonenzale Alonso, Anna Kristin Indridadottir, Allan Levi Melby, (Arnaud Duhamel fom. sak 19)
Ordstyrar David Bernatek
Kontrollkomitéen -
Organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)
Andre møtande/gjestar Studentar: Maja Melbye (V), Trygve Taranger (V), Helena Heimer Rognstad, leiar for Fadderveka 2020

Sak 11 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

10 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Vedtak:

David Bernatek vart vald til ordstyrar

Marit Aklestad og Trym Nikolas Rimmen vart valde til teljekorps

Sak 12 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Godkjenning av møteinnkalling

Vedtak: Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

Godkjenning av saksliste

Vedtak: Studentparlamentet vedtek sakslista for møtet med følgjande merknadar:

- Sak 04: rektor og prorektor vil orientere og helse på parlamentet
- Sak 06: Trym er saksordførar
- Sak 10: det vart meldt inn 4 saker til eventuelt.

	Dagsorden for studentparlamentsmøte 29.10.20
11	Opprop og val av møteleiing
12	Godkjenning av innkalling og saksliste
13	Godkjenning av referat
14	Orienteringar
15	Orientering frå arbeidsgruppa for sosial møteplass BK
16	Orientering frå Fadderveka 2020
17	Oppdatering av stillingsomtalane for AU
18	Val av ny velferdsansvarleg
19	Val av kontrollkomité
20	Språk og ordbok til SP-møta
21	Planlegging av juleavslutning
22	Arbeidsprogram for 2020-2021

23	Representantforslag: Merk: utsett til neste møte <ol style="list-style-type: none">1. Kommunikasjonsstrategi for parlamentet2. Studenthøyringar3. Bruk av plakatveggane på BK4. Kontaktperson for korona5. Miljøkomité
24	Eventuelt
	Møteslutt og møtekritikk

Sak 13 – 20/21: Godkjenning av referat frå møte 30.09.20

Type sak: Vedtakssak

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 30.09.20

Sak 14 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover, bl.a.

Studentrepresentantar i råd og utval orienterte om aktuelle saker

Sak 15 – 20/21: Orientering frå arb.gruppe sosial møteplass BK

Type sak: Orienteringssak

Grappa har hatt to møter og er i dialog med Drift for ulike moglegheiter

- Planlegg å lyse ut ei studentkonkurrans for veggmaleri
- Ser på ulike møblar/interiørdesign for kroken

Sak 16 – 20/21: Orientering frå Fadderveka 2020

Type sak: Orienteringssak

Leiar for Fadderveka 2020, Helena Heimer Rognstad, orienterte og la fram rekneskapen frå årets fadderveke. Til trass for korona vart det ei etter forholda vellukka fadderveke, men fadderstyret opplevde å stå i ein krevjande situasjon med mykje ekstraarbeid knytt til smittevern.

Sak 17 – 20/21: Oppdatering av stillingsomtalane til AU

Type sak: Vedtakssak

Det kom opp to endringsforslag i debatten

Endringsforslag 1: forslag til å stryke setninga på linje 26-27.

Endringsforslag 2: forslag om å erstatte linje 26-27 med setninga: «verva i AU er honorert etter avtale med HVO».

Votering: Endringsforslag 1 fekk 6 røyster og fleirtal.

Vedtak:

Studentparlamentet vedtek dokumentet med oppdaterte stillingsomtalar for AU med ovanstående endringsforslag 1.

Sak 18 – 20/21: Val av ny velferdsansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Leiar Trym Rimmen orienterte om vervet og arbeidsoppgåvene til velferdsansvarleg, og behovet for suppleringsval. Kandidatane heldt valtale og parlamentet fekk stille spørsmål til kandidatane.

Kandidatar som stilte til val: Matilde Tafjord Rødhammer og Arnaud Duhamel

Votering: urneval.

Vedtak:

Arnaud Duhamel vart vald til ny velferdsansvarleg i AU

Sak 19 – 20/21: Val av kontrollkomité til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet har ledig verv som medlem i kontrollkomitéen.

Ingen stilte til val.

Vedtak:

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å finne kandidatar som blir lagt fram for godkjenning ved neste møte.

Sak 20 – 20/21: Språk og norsk-engelsk ordbok til SP-møta

Type sak: Oppført som diskusjonssak - endra til vedtakssak

Irmelin fremja forslag om å gjere vedtak i saka. Å gjere vedtak i ei sak som er oppført som diskusjonssak krev 2/3 fleirtal.

Votering: 9 stemmer for, og saka vart gjort om til ei vedtakssak.

Det vart fremja følgande forslag til vedtak:

Forslag 1: Parlamentsmøtene med sakspapirer blir utsendt og behandla på norsk

Forslag 2: Fram til første møte i januar nyttar SP engelsk som talespråk. Sakspapir vert skriven på norsk slik som vanleg.

Forslag 3: tilleggspunkt: Arbeidsutvalet lagar ei ordliste der sentrale ord vert tilgjengeleg på engelsk og norsk.

Votering: Forslag 1 og 2 vart sett opp imot kvarandre.

Forslag 1 fekk 4 stemmer og fall

Forslag 2 fekk 5 stemmer og vart vedtatt.

Forslag 3 vart einstemmig vedtatt

Vedtak:

Fram til første møte i januar nyttar SP engelsk som talespråk. Sakspapir vert skriven på norsk slik som vanleg.

Arbeidsutvalet lagar ei ordliste der sentrale ord vert tilgjengeleg på engelsk og norsk.

Sak 21 – 20/21: Planlegging av juleavslutning

Type sak: Diskusjonssak

AU vil gjerne få til ei juleavslutning, julebord e.l., og håpar vi får det til tross for koronarestriksjonane. Det er ønskjeleg med ei arbeidsgruppe som kan planlegge tid, stad og innhald.

Vedtak: Pernille, Stian, Simen og Mariely blir med i planleggingsgruppa.

Sak 22 – 20/21: Arbeidsprogram for Studentparlamentet 20-21

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet drøfta saka og stemte over følgjande endringsforslag:

Bygge organisasjon og samarbeid

1. Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid.

Endringsforslag 1: Erstatning	Erstatt punktet over med: Introduser Studentparlamentet til førsteårsstudentar
AU si innstilling:	Forslag avvist
Sp sitt vedtak:	Forslaget avvist

2. Informere studentmassen meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet jobbar med

Endringsforslag 2: Tillegg	Tilleggssetning til punktet over: Gjer det kjent når Studentparlamentet har oppnådd eit mål.
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslag vedtatt.

3. Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO

Endringsforslag 3: Tillegg	Tilleggssetning til punktet over: Annonser val i god tid i kanalar studentar faktisk fylgjer med på.
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslag vedtatt

4. Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest

5. Jamnleg kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda

6. Vidareutvikle arbeidet med Velferdsgruppa

7. Utarbeide ny samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda

Endringsforslag 4: Tillegg	Legge til nytt punkt: Gjere informasjonen på hivolda.no om Studentparlamentet lettare tilgjengeleg.
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslaget vedtatt

Studentvelferd

1. Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande studentmiljø
2. Prioritere Velferdsgruppa og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
3. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentane, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg

Utkast til Arbeidsprogram 2020-2021

Blir vedtatt på parlamentsmøte 29.10.20

Endringsforslag 5: Tillegg	Legge til «i alle aldrar», slik: Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentar i alle aldrar, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg
AU si innstilling:	Forslag avvist
SP sitt vedtak	Forslag vedtatt

4. Legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane
5. Fornye retningslinjene til Studentprisen og dele den ut ved studiestart
6. Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus.

Utdanningskvalitet

1. Gjennomgå systemet for tillitsvalde og vurdere endringar/justeringar
2. Bidra til høg deltaking i studentundersøkelser som Studiebarometeret og SHoTundersøkelsen
3. Vere pådrivar for betre kvalitet i digitale undervisningsformer
4. Arbeide for mest mogleg opne og tilgjengelege rom på campus.

Endringsforslag 6: Tillegg	Tilleggsforslag til setninga over: Arbeide for at rom skal bli tilgjengelege for studentar igjen om smittevernfaren ikkje stig.
AU si innstilling:	Forslag avvist
SP sitt vedtak	Forslag avvist.

5. Arbeide for at HVO utarbeider ein mal for utdanningssamtaler for alle studentar

Endringsforslag 7: Erstatning	Erstatt punktet over med: Utvikle/arbeide mot ein mal for utdanningssamtalar og utdanningssamtaleprosedyre
AU si innstilling: Grunngjeving:	Forslag avvist Studentparlamentet kan ikkje sjølv utvikle malen, det må tilsette ved HVO gjere.
SP sitt vedtak:	Forslag avvist

6. Jobbe for betre oppfølging av praksisperiodar, evaluering og utvikling

Endringsforslag 8: Erstatning	Erstatt punktet over med: Jobbe for betre oppfølging av studentar gjennom praksisperioder, med gode rammer for fagleg utvikling og evaluering.
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslag vedtatt

7. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.

Endringsforslag 9: Tillegg	Legge til nytt punkt: Jobbe for at informasjon om val og anna viktig info frå parlamentet kan leggjast ut på Cancvas
AU si innstilling	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslag vedtatt

Likestilling, mangfold og inkludering

Endringsforslag 10: Erstatning	Erstatt inkludering med internasjonalisering
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslaget avvist.

1. Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma slik at alle har lik tilgang til høgskuleområdet
2. Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle
3. Følg opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast

Endringsforslag 11: Tillegg	Tillegg til siste setning over: , gjennom å lage ein anonym mal, evt. på Canvas
AU si innstilling:	Forslag støttast
SP sitt vedtak:	Forslag vedtatt.

4. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
5. Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek
6. Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet

Miljø og berekraft

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus
2. Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø i læringsmiljøutvalet
3. Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert Miljøfyrtårn
4. Betre Studentparlamentet sin miljøprofil

Endringsforslag 12: Tillegg	Tillegg til siste setning over: ...i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar og reiser // der det lar seg gjøre.
AU si innstilling:	Forslag avvist.
SP sitt forslag	Legge til: behalde setninga og legge til «der det lar seg gjøre»
SP sitt vedtak:	SP sitt forslag vedtatt

Endringsforslag 13	Legge til eit punkt
Forslag frå SP	Arbeide for at berekraftsmåla til FN er i fokus ved Høgskulen i Volda
Sp sitt vedtak	Forslag vedtatt.

Vedtak: Studentparlamentet vedtek Arbeidsprogram 2020-2021 i sin heilskap med ovanstående endringar.

Sak 23 – 20/21: Representantforslag

Type sak: Vedtakssak

AU fremja forslag om å utsetje saka til neste møte grunna tid.

Vedtak: Saka vert utsett til neste møte.

Møteslutt 19.30